

Fra: Tore Johan Erstad
Sendt: 15. desember 2014 11:17
Til: 'l_bruvik@hotmail.com'
Emne: VS: Førespurnad om dokumentinnsyn mv - Sak 14/3595
Vedlegg: 20141215104613.pdf

Meir informativ dokumentliste ligg vedlagt, jf nedanstående. Fristen skal sjølvstakt vere **15.1.2015**.

Med venleg helsing
Tore Johan Erstad
Konsulent, byggesak
E-post: Tore.Johan.Erstad@meland.kommune.no

Fra: Tore Johan Erstad
Sendt: 15. desember 2014 11:04
Til: 'l_bruvik@hotmail.com'
Kopi: Reidun Iden Lædre; Merethe Tvedt; Lillian Straumøy Brakstad
Emne: Førespurnad om dokumentinnsyn mv - Sak 14/3595

Hei Lasse Bruvik:

Administrasjonen viser til dykkar førespurnad om dokumentinnsyn og utsetting av klagefrist i ovannemnde sak. Vedtaket i saka er dagsett 1.12.2014, DNT-sak 348/2014.

I medhald av forvaltningslova § 29, 4. ledd fastsett Meland kommune klagefrist i saka til **15.1.2014**. Som grunngeving for utsett klagefrist, viser administrasjonen til at saka er omfattande og at partane har behov for å gjennomgå dokumenta i saka, samanhalde med avvikling av jule- og nyttårshøgtid.

Når det gjeld høve til dokumentinnsyn eller utlevering av dokumenter i saka vil administrasjonen gje dykk høve til å gjennomgå saksdokumenta, gjeldande reguleringsplan og andre relevante dokument som det er vist til i dykkar e-post sendt 7.12.2014.

Administrasjonen har sett av tid til dokumentgjennomgang onsdag **17.12.2014** eller **fredag 19.12.2014**, i **tidsrommet 12:30-15:00**. Ver venleg gje tilbakemelding kva for dag som passar, slik at administrasjonen kan førebu gjennomgangen. Dersom dykk etter gjennomgangen ønskjer kopi av einskilde dokument, vil kommunen leggje til rette for dette så langt det let seg gjere.

Når det gjeld plangrunnlaget (kommuneplan/reguleringsplan) i saka viser kommunen til tilvisingar i grunngevinga for vedtaket og www.braplan.geoweb.no, der desse dokumenta er offentleg tilgjengelege.

For innsyn/dokumentliste i samband med rullering av arealplanen for Meland kommune, må førespurnaden rettast samfunnsplanleggjar Kristin Nådmdal, direkte telefon; 56 17 11 67.

Vedlagt ligg dokumentliste frå sak 14/3594 (noverande sak) og 13/1646 (historisk sak). Til saman utgjer desse dokumenta det som er registrerte dokument knytt til vedtaket 1.12.2014. At dei er registrert med to saksnummer skuldast overgang til nytt sakshandsamingssystem i 2014.

Kopi til byggesaksgruppa til orientering.

Med venleg helsing

Tore Johan Erstad

Konsulent, byggesak

E-post: Tore.Johan.Erstad@meland.kommune.no